




Arne Mussland i arbeid medan filialen var på Brekkeset. Bak han heng teikningar frå ein konkurranse for barn.

**Ein epoke på 42 år i Uskedalen er slutt fredag - då stengjer Sparebank 1 Kvinnherad kontoret sitt i AFA-bygget og erstattar det med Bank i Butikk.  
Anne Gurine Bringedal, som sat bak skranken i 28 år, synest det som skjer er trist og vemodig.**



[Agnar Olmvik](#) blir betjent i dei nye lokala. Bak disken sit [Arne Mussland](#) og [Anne Gurine Bringedal](#).

Ho var i arbeid i banken i Uskedalen frå 20. februar 1978 til 26. mai 2006, då ho vart erstatta av Kjersti Bråtun. Kjersti kom frå hovudkontoret til banken i Rosendal og flyttar no attende dit.



Anne Gurine på plass att bak skranken saman med Kjersti Bråtun. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det var i 1967 Kvinnherad Sparebank opna filial i Uskedalen, tre år etter Husnes. Det skjedde på Brekketoppen og Arne Mussland var filialbestyrar.

I 1978 vart det så mykje å gjera at dei måtte ansette ein til og Anne Gurine Bringedal vart 'headhunta'. Det starta med åtte timar i veka, men etter fem år var ho ansatt på heiltid,

- Det var meir å gjera i ein bank den gongen. Vi hadde ikkje data og det var mykje meir 'handarbeid', seier Anne Gurine til uskedalen.no.

Dei var to i banken til Arne vart pensjonist i 1998 og i 2006 vart Anne Gurine det same.

Banken var på Brekketoppen til i 1982 då han flytta ned i det som no er AFA-bygget men som den gongen tilhørde rørleggjarbedrifta til Thv. Sunde. Og der har han vore sidan. No går lokala attende til utleigaren, som har god bruk for dei.

- Kva er din reaksjon på at det er over og ut for den tradisjonelle banken i Uskedalen, spør vi Anne Gurine.

- Eg synest som sagt at det er trist og vemodig, men det har jo lege i korta lenge. Slik er utviklinga.

- Og korleis trur du 'Bank i Butikk' vil fungera?

- Det veit eg ikkje, eg har ikkje prøvd det enno. Men det går vel greitt, for folk er så mobile i dag. Eventuelt kan dei reisa til Husnes eller Rosendal. Det er vel eventuelt eldre folk som kan få problem.

Av Ola Matti Mathisen